Utdanningsforbundet
Øygarden

Vedlegg 8

Sak 5.2 Fråsegner

Sak 5.2.1

Ikkje rør normene våre

Bemanningsnorma og pedagognorma i barnehagen er ei minstenorm, og lærarnorma i skule er ei minstenorm. Dei er for dårlege. Ja, dei sikrar at det er ei grense for kor mange pedagogar barnehagane skal ha og kor mange barn eller elevar den einskilde læraren skal ha ansvar for, men den tek ikkje omsyn til at barnehagane og skulane har hatt ei auke i tal på oppgåver dei skal utføre, det komplekse mandatet, og ei heller at ulike barn har ulike behov. Vi treng meir ressursar i barnehage og skule, vi treng auka bemanning!

KS har vore imot normene så lenge dei har eksistert, men no ser det ut som om dei har eit reelt ønskje om å utfordre dei, for å redusere den "statlege detaljstyringa". Dei syner til at mindre statleg detaljstyring vil gje meir fleksibilitet og auka handlingsrom for kommunane. Det er ikkje minstenorma for bemanning og pedagognorma i barnehagen eller minstenorma for lærartettleik i skule som er til hinder for kommunane sitt handlingsrom, men altfor lite midlar til kommunane frå staten. Det er dette KS og kommunane burde angripe, i staden for å gå laus på normene, som er sikkerheitsnettet vårt.

Minstenormene vi har sikrar eit minimum av ressursar. Nettopp difor treng vi normene, sjølv om dei er ei minstenorm, og sjølv om dei er for dårlege. For kvar endar vi opp utan?

Kommunane får sine bevillingar frå staten. Så lenge vi har desse normene i barnehage og skule, må staten gje kommunane nok pengar til å dekke desse ressursane. Det gjev kommunepolitikarar argument opp mot dei statlege myndigheitene, til å få meir pengar.

Vi er alle samd om at vi må tenkje nytt, vi må endre oss fordi samfunnet endrar seg. Vi meiner at det er uklokt av kommunane å la dei ulike sektorane kjempe mot kvarandre, for få dei ressursane dei treng, og kommuneøkonomien kan ikkje vere ein premissleverandør for kva for pedagogisk tilbod barna våre får.

Vi som jobbar i barnehage og skule må alltid kjempe for eit likeverdig opplæringstilbod til barn og unge, difor vi skal også kjempe for ei auka bemanningsnorm og pedagognorm i barnehagen, og ein betre lærarnorm i skule.

Jane Føllesdal, HTV

Sak 5.2.2

Fråsegn leiarløn

Utdanningsforbundet
Øygarden

Leiarrolla har dei siste åra utvikla seg i ein retning der ein har eit større administrativt ansvar og ein blir tilført fleire og fleire administrative oppgåver. Ein skal blant anna vere ein god personalleiar, sørgje for eit godt arbeidsmiljø, at eininga er ein god pedagogisk eining med god kvalitet samstundes som ein skal ha god økonomistyring. Løna til leiarane står ikkje i stil med ansvaret dei har og det er på høg tid at leiarane verdsetjast for det ansvar som kviler på dei. Utdanningsforbundet både sentralt eller her i Øygarden må arbeide for at kommunen både anerkjenner og verdsett leiarane sin innsats. Gode leiarar er avgjerande for kvaliteten både i barnehage og skule, det syner mellom anna rapporten som er vist til i Framtidas skule.

Utdanningsforbundet ønskjer å behalde dei gode leiarane/leiarkompetansen vi har i dag, men òg rekruttere gode leiarar i framtida, då er løn eit viktig verkemiddel! Vi må vere konkurransedyktige.
Utdanningsforbundet skal jobbe for at leiarløna skal vere føreseieleg, og at det skal vere klare og objektive kriteria for lønsauke.

Eg ber årsmøte støtte at dette fråsegna vert sendt til fylkesstyre og styret i Utdanningsforbundet Øygarden.

Vibecke Hodnekvam
HTV og styremedlem